

## Martin Kjøpstad til minne

Martin Kjøpstad døydde 27. mai 1988, nær 87 år gammal. Han var fødd og voks opp på Kjøpstad i Tresfjorden. Etter konfirmasjonen hyrte han seg i fleire periodar som fiskar. Seinare arbeidde han på fleire båtbyggeri i bygda. I 1930 grunnla han, saman med to brør, Martin Kjøpstad & Brødr.s Båtbyggeri på tufta til eit gammalt åtringsnaust nede i Kjøpstad-fjøra. Og som båtbyggjar vann han seg snart eit godt ry. I ei annonse i 1942 står m.a. «Spesialitet snurpenotbåter. Ellers livbåter og småbåter for fangst og fiske. Leveranse over hele landet og til Island.»

For å skaffe materialar til denne verksemda, reiste han land og strand rundt, og på den måten vart han godt kjent på bygdene. Han kjente «alle», og «alle» kjente han Martin Kjøpstad. I tillegg til båtbygginga tok han over heimgarden, noko han kjem nærare inn på i artikkelen «Tre hesteliv» i dette årsskriftet. Han var interessert i styr og stell og arbeidde for framgang for bygdene.

Travelt som han støtt hadde det, fekk han ikkje tid til å dyrke sine historiske interesser før han pensjonerte seg, men han var med i Tresfjord Museum, og alt i 1948 heldt han ein tale der om båtbygging i gammal og ny tid. Han var med i Vestnes bygdeboknemnd, og han var eit interessert medlem i Romsdal Sogelag og Romsdalsmuseet. Sjølv lærte eg han å kjenne som informant. Han svara på ei rad spørjelister og brev som eg sende han, og han uttrykte stor glede over å kunne vere til hjelp. Visste han ikkje sjølv noko særleg om det det var spørsmål om, tok han seg gjerne ein tur på bygda til nokon som han var sikker på hadde greie på det. Etterpå takka han for oppdraget! På den måten var han ein stor inspirator for meg, og sikkert for mange andre. Han var så god til å fortelje.

Martin Kjøpstad skreiv mykje på sine eldre dagar. I «Bygdebladet», Sjøholt, hadde han eit utal bidrag under signaturen M.K. om farne tider, frå seter og sjø, frå tur og møte, bygdeliv m.m. Han hadde klåre meiningar om det dagsaktuelle, og alt dette kom tydeleg fram i det han skreiv. Språkføringa og rettskrivinga var gammaldags - slik han hadde lært det av han gamle Mathias Vike før første verdskrigen, som han sjølv sa det. Det sterke islettet av dialekt hadde han neppe lært på skolen, men



*Martin Kjøpstad (t. h.) saman med søskenbarnet sitt Monrad Sletta. Når desse to kom saman, vart mang ei god historie fortald. Dei er her fotografert på olsokstemnet på Romsdalsmuseet 1982.*

**(Foto Romsdalsmuseet)**

det gjorde språkføringa hans svært spesiell. Mange likte stilen hans. Slik var signaturen M.K.

No har han lagt både klinkhammaren og pennen frå seg. Minna om han vil leve vidare i det han gjorde og i det han skreiv.

**Bjørn Austigard**

### **Artiklar av Martin Kjøpstad i Romsdal Sogelags årsskrift:**

**Ho Tomas-Kristina**, årsskrift 1978, s. 55-58.

**Omkring Kyndelsmess**, årsskrift 1981, s 151-156.

**På kirkebakken i farne tider**, årsskrift 1982, s. 173-176.

**Tobakksbruk i farne tider**, årsskrift 1986, s. 140-144.

**Tre besteliv**, årsskrift 1988, s. 82-87.